



Nr. 6 - desember 2022

Masfjordingen

Masfjorden sokn gjev ut meldingsbladet
i samarbeid med Masfjorden kommune

Gudstenester

4. desember

Frøyset kyrkje kl. 11:00

Gudsteneste v/Torbjørn Sæle,
Tina Meland Corneliussen og Boris Kuprijanov
Deltakere frå «Lys våken» er med i gudstenesta.
Takkoffer til NMS (Det Norske Misjonsselskap)

4. desember

Granneheimen kl. 18:00

Gudsteneste v/Torbjørn Sæle og Boris Kuprijanov.
Takkoffer til NMS (Det Norske Misjonsselskap)
Førjulskvelds etter gudstenesta.

Julekonsertar:

Dei tradisjonelle julekonsertane med musikk frå
kor, korps, solistar, og andakt frå soknepresten.

Laurdag 10. des. kl. 17:00 Sandnes kyrkje

Søndag 11. des. kl. 15:00 Frøyset kyrkje

Søndag 11. des. kl. 18:00 Solheim kyrkje

Tysdag 13. des. kl. 17:00 Sjukeheimen

Skulegudstenester:

Fredag 16. des kl. 09:00 Sandnes kyrkje

Tysdag 20. des kl. 09:00 Frøyset kyrkje

Tysdag 20. des kl. 12:00 Matre skule

Julaften 24. desember:

Sjukeheimen kl. 12:00

Frøyset kyrkje kl. 14:00

Solheim kyrkje kl. 16:00

Julegudstenester v/Torbjørn Sæle og

Johannes Lyngset

Takkoffer til Redd Barna

1. juledag 25. desember

Sandnes kyrkje kl. 12:00

Høgtidsgudsteneste v/Torbjørn Sæle og

Boris Kuprijanov

Takkoffer til Redd Barna

15. januar

Solheim kyrkje kl. 11:00

Gudsteneste v/Torbjørn Sæle og Boris Kuprijanov

22. januar

Sandnes kyrkje kl. 11:00

Gudsteneste v/Torbjørn Sæle og Boris Kuprijanov

Frøyset kyrkje kl. 18:00

Lysmesse v/Torbjørn Sæle og Boris Kuprijanov

Saman med alle konfirmantane

Informasjon om gudstenestene i Masfjorden
finn du alltid i kalenderen på nettsida vår:
www.masfjorden.kyrkja.no

Dødsfall

Øystein Kvamsdal, f. 1954

20.10.22 Leif Molland, f. 1947

24.10.22 Ingebjørg Liv Molland, f. 1951

25.10.22 Alf Fagervik, f. 1939

*Jesus seier: Eg er oppstoda og livet. Den som trur
på meg, skal leva om han så døyr. Og kvar den som
trur på meg, skal i all æva ikkje døy.*

Illustrasjonsfoto



En jul å

glede seg til

Mange familier går en tøff tid i møte.

Din støtte kan gi barn som «Ida» en tryggere jul.

VIPPS en gave til **13130**

Gi på konto **3201 52 74165**

 **Blå Kors**

Framsida: Juletre i Solheim kyrkje, foto: Eli Eidsnes



BARNAS

Finne 10 namn og ord frå juleforteljinga

Namna på ti namn og ord frå juleevangeliet er gøymt inni rutenettet under. Namna står bortover og nedover. Finn du alle?

Å	F	J	O	D	E	L	I	J	Q
U	B	E	T	L	E	H	E	M	A
M	E	S	S	I	A	S	N	A	U
U	L	U	I	G	U	G	G	R	G
J	O	S	E	F	F	J	E	I	U
O	L	P	Å	S	W	E	L	A	S
N	A	S	A	R	E	T	X	Ø	T
S	M	A	K	K	I	A	L	F	U
I	P	S	I	D	U	R	K	I	S
K	R	U	B	B	E	A	Y	V	I
I	R	A	B	A	B	R	A	B	Ø




Gje barnebladet Barnas til eit barn du er glad i!

Desse oppgåvene er henta frå bladet.

Bestill abonnement på sondagsskolen.no eller 22 08 71 00



Fargelegg!



Finne fem feil!

Engelen fortel gjetarane på marka nyheten om Jesu fødsel. Dei to bileta er nesten like. Finn du dei fem feila på biletet til høgre? Teikning: Asbjørn Tønnesen



SEI NOKO OM JESUS!

Den 30. november sluttar eg som biskop. Dette er difor mi siste julehelsing i kyrkjeblada i Bjørgvin. Då vil eg seia noko om Jesus. Eg har sagt mykje om mangt i dei nesten 14 åra eg har vore biskop. Men ingen ting har vore viktigare for meg enn å seia noko om Jesus.

Den kjende svenske forfattaren Göran Tunström opplevde ein gong at telefonen hans plutselig ringde svært seint ein kveld. Det var ein gammal ven som livet hadde køyrt over fleire gonger. Han kjende seg totalt ferdig. Det einaste han orka å seia var: – Du må komme!


Tunström kom, og vart møtt av venen som hang i dørkarmen med den eine handa, medan den andre heldt fast på ei whiskyflaske. Han såg på Tunström med slitne augo og fekk stamma fram: – Du må seia noko! Tunström svarte: – Kva skal eg seia? Vennen sa: – Eg veit ikkje. Men du er jo forfattar. Du må seia noko.

Då datt det ut av Tunström: – Skal eg seia noko om Jesus? – Ja, sa vennen. Gjer det! Sei noko om Jesus! Så byrja han å gråta. Tunström gjorde som han vart beden om. Han sette seg ned saman med venen, og byrja å snakka om Jesus.

Eg forstår dette utbrotet: – Sei noko om Jesus! Viss eg kjem dit at alt rasar rundt meg, slik det gjorde for mannen i denne forteljinga, då vil eg høyra om Jesus. Då vil eg høyra om han som er sentrum i julefeiringa. Han som kom frå Gud, men som søkte seg nedover og landa på strå i Betlehem. Han som i alt han gjorde viste ei særleg omsorg for dei som sleit med å komma gjennom dagane, og dei som stod på sida av det gode selskapet.

Når vi les dei fire evangelia i Bibelen, ser vi at Jesus er miskunnsam og full av omsorg. Ein stad står det: «Då Jesus såg alt folket, fekk han inderleg medkjensle med dei, for dei var forkomne og hjelpelause, som sauer utan gjetar.» Orda som her er omsette med «han fekk inderleg medkjensle med dei», betyr direkte omsett: «hans indre kom i rørsle på grunn av dei». Menneske si naud rører Jesus.

På vegen ut av Bjørgvin og tilbake til Ås der eg kom frå, spør eg meg sjølv: Kva fekk eg gjort som biskop? Mest av alt håpar eg at eg som Tunström har fått sagt noko om Jesus, om kjærleiken hans til oss. At eg har bidrege til å styrka trua på han som både er Guds son og på same tid menneskevenen, og som er fylt av inderleg medkjensle med alle.



*Biskop Halvor Nordhaug
Foto: Bjørgvin bispedømeråd*



**Takk for meg!
Det har vore ei festreise å vera
biskop i Bjørgvin.**

**Eg ønskjer dykk alle
ei gledeleg jul og Guds velsigning!**

Halvor Nordhaug

LITT OM GUDSTENESTEPLANEN

Lurar du på kortid det er gudsteneste, vil kalenderen på kyrkja si nettside gje deg god oversikt. Ved dei fleste gudstenester er det rom for å ha dåp.

Nokon vil kanskje merka seg at det går litt i «rykk og napp» med gudstenestene i Masfjorden. Dette har sine naturlege grunnar, og det er fleire omsyn å ta når kabalen skal leggast for eit nytt semester.

I haust har det tre søndagar vore gudstenester i Sandnes, Solheim og Frøyset kyrkje same dagen. Dette var ved konfirmantpresentasjon/utdeling av bibelbok til 10-åringar, 4-årsbokutdeling og ved minnegudstenestene på helgemessesøndag. For kyrkja i Masfjorden er det eit ønskje om å gje eit godt tilbod i alle bygdene. Då har det vist seg å vera mindre ressurskrevjande for t.d. trusopplærar å vera med ein heil søndag i staden for fleire helger på rad. Tilbakemeldingane på dette har vore gode, og det er fint å merka at folk ser ut til å finna vegen til kyrkja på litt ulike tidspunkt på dagen.

Som følgje av dette vert det nokre fleire søndagar utan gudsteneste i kommunen, og få vanlege gudstenester vert lagt til skuleferiar. Gudsteneste ved høgtider som jul, påske og pinse, samt på andre merkedagar som til dømes 17. mai, har framleis høg prioritet. Det vil også vera nokre temagudstenester og fleire årlege friluftsgudstenester i sommarmånadane. Mange av gudstenestene i Masfjorden vil ha eit spesielt fokus, t.d. med trusopplæringstiltak eller 50-årskonfirmantjubileum. Når ein halvårleg gudstenesteplan vert lagt, er også dette teke med i planlegginga. Talet på gudstenester i Masfjorden ligg stabilt på rundt 50 i året.

For dei som ønskjer gudsteneste oftare, minner vi om at NRK no sender gudstenester kvar søndag på TV (normalt NRK1) og radio (P1+) søndagar kl. 11.

I Masfjordingen finn du alltid oversikt over gudstenestene fram til neste blad kjem ut. Oppdatert oversikt over komande gudstenester vil du alltid finna i kalenderen på nettsida til kyrkja: www.masfjorden.kyrkja.no



Frøyset kyrkje, foto Torbjørn Sæle

Gudstenesteplanen for våren 2023 er i skrivande stund så godt som klar.

Ved dei fleste gudstenestene vil det vera mogleg med dåp. I spesielle tilfelle kan det vera aktuelt å ha dåpen i ei eiga gudsteneste, til dømes etter ei konfirmasjonsgudsteneste.

Følgjer du «Kyrkja i Masfjorden» på Facebook, vil du normalt sett også få ei påminning om komande gudsteneste.

Om du har tankar og innspel til dette, må du meir enn gjerne ta kontakt med nokon i staben eller soknerådet.

Vi sjåast i kyrkja! Og du, det er sjølv sagt lov å ta turen til ei av dei andre kyrkjene enn den som er nærast deg!

Tekst: Torbjørn Sæle, sokneprest
Foto (under): Bo Mathisen



UTDELING AV 4-ÅRSBOK

23. oktober var det tid for at 4-åringane skulle få si heilt eiga bok under gudstenesta. Dei fekk boka utdelt i Frøyset, Solheim og Sandnes kyrkje. Boka heiter «Kyrkjeboka mi» og er skriva av Sindre Skeie. Her får me møta 3 vener, og fylgja dei eit heilt år. Boka inneheld også songar og bønner som ein kan bruka heime.

I forkant blei 4-åringane invitert til å koma på ei samling der dei kunne bli kjent med kyrkja si, og med trusopplærar Tina. Vi las litt og såg i boka dei skulle få. Tina las om Gud som skapte verda, og alt som høyrde til verda. Deriblant havet, himmelen, dyra, sola og stjernene. Me byrja då å undra oss over om det ikkje var noko me kunne skapa eller laga? Me fann ut at me og kunne laga og skapa ting. Difor tok me fram teiknesaker og byrja å teikna. Det blei til flotte bilete av både sol, gras, hav, himmel, og mykje meir. Me fann og ut at me kunne lage noko av play dough, og bygde ein del med det. I løpet av samlinga så høyrde dei og på nokre songar som skulle vera i gudstenesta, og dei fekk vita kva som skulle skje der.



*Flanellograf var kjekt for alle.
Her fekk me sjå korleis Gud skapte verda.
Foto: Alimaa Tomor*



*Her syng me «Kven har skapt alle blomane».
Det var kjekt for både 4-åringane og syskena.
Foto: Åshild Skuggedal*



*Ei stolt Elsa Furebotn viser fram boka si,
samen med pappa Remi.
Foto: Laila Furebotn*

På sjølve gudstenesta blei det sunge ein del songar, blant anna «Måne og sol» og «Kven har skapt alle blomane». Her fekk borna vera deltakande og kunne koma fram å syngja, og gjera bevegelser viss dei ville det. I gudstenesta fortalde sokneprest Torbjørn om då Gud skapte verda, og ved hjelp av trusopplærar og konfirmanter blei det brukt flanellograf til å visa korleis det skjedde. Her deltok borna mykje med å svara på kva Gud skapte. Deretter fekk dei utdelt boka si, ein og ein blei lese opp, og etter tur kom dei fram for å få boka si. Etterpå fekk nøyde 4-åringar sjå og lesa i boka.

Tekst: Tina Meland Corneliusen

TENDE LYS FOR Å MINNAST DEI DØDE

På helgemessesøndag 6. november var det minnegudstenester med lystenning i Sandnes, Solheim og Frøyset kyrkje.

Namna på alle døde i Masfjorden det siste året vart leste opp. Samstundes vart det tend eitt og eitt lys. Mange tende også lys både ute på gravene og i lysgloben inne i kyrkja.

I preika var det fokus på håpet i korset. Nokon ber korset, i form av eit smykke, men først og fremst er det korset som ber oss.

I dagens bøn for minnedagen vart følgjande bedt:

*Evige Gud,
du er vårt håp og vår tilflukt.
Vi bed deg:
Trøyst oss i sorga og saknet etter våre kjære,
og styrk oss i trua,
så vi i liv og død kan setja vår von til deg.*

Etter minnegudstenestene venta ein god kyrkjekaffi og tid til å prata saman.

Tekst: Torbjørn Sæle, sokneprest



Tente lys på helgesmessesøndag i Solheim kyrkje.
Foto: Torbjørn Sæle



Konfirmantane
Isak og Mathilde
tende lys under
minnedelen i
Frøyset kyrkje.

Tusen takk til
Spar Hosteland
som gav oss desse
flotte telysestakane
til bruk i kyrkja.

Foto:
Alimaa Tomor



RAPPORT FRÅ KONFIRMANTLEIR PÅ FJON

12 konfirmantar kom til Fjon for sin første konfirmantleir ein svært regnfull fredag. Konfirmantane starta leiren med å perla saman kvar sin Kristuskrans. I løpet av leiren vart dei betre kjent med Gudsperla, Eg-perla, Dåpsperla, Stilleperlene og Ørkenperla. Innimellom undervisning, grupper og gode spørsmål, var det tid til spel og aktivitetar. Innsatsen var stor i både sporløp, fotball og «Capture the flag» ute, og i konkurransar, bordtennis, airhockey m.m inne.

Kveldane vart avslutta med dagbokskriving, lystenning, song og bøn. Laurdagskvelden var det også bønnevandring.

Søndag var det gudsteneste der alle konfirmantane bidrog med alt frå dramatisering, lesing og forbøn, til klokkeringing, powerpoint og kyrkjekaffi – for etter gudstenesta venta det rikeleg med gode kaker og bollar på farsdag.

Ein flott leiargjeng var med heile helga og foreldre hjelpte som vanleg til med matlaging, rydding og som nattevakter.





Tiril Sleire-Gjerde var med som ungdomsleiar, berre nokre månader etter at ho sjølv vart konfirmert i Frøyset kyrkje i september.

– Eg var jo med som konfirmant sist konfirmantår, så dette er min første gong som leiar, men det har vore veldig gøy. Det å få sjå litt kva som gjer at konfirmantane kan ha det gøy og å ha det sånn som eg hadde det i fjor. Eg er veldig glad for at eg fekk vera med på litt forskjellige ting saman med konfirmantane. Dette har vore ei veldig kjekk helg, og eg anbefaler fleire å vere med som leiar neste gong eller konfirmant neste år, seier Tiril.

Neste konfirmantleir er på Fjon fjellkyrkje 17.-19. februar – også då med open gudsteneste søndag kl. 16.

Tekst: Torbjørn Sæle, sokneprest
Foto: Birgit Ynnesdal
og Frida Halland (lyskors)



OM FRIVILLIG ARBEID I KYRKJA, DEL 3: KORLEIS?

Korleis kan eg stille meg til teneste for kyrkja?

Dette kjem litt an på kva teneste du kan tenkje deg å bidra med. På kort sikt kan det vere greitt å ta kontakt med den/dei som har ansvar for den oppgåva du vil ta på deg. Dersom det gjeld å hjelpe til med ein innsats til dømes i samband med tilboda for born, kan det vere greitt å ta kontakt med trusopplæraren vår, Tina. Kontaktinformasjonen hennar er å finne på heimesida til Den norske kyrkje i Masfjorden (masfjorden.kyrkja.no).

Dersom det gjeld ein innsats knytt til ei av kyrkjene og det som skal skje der, er det naturleg å ta kontakt med leiaren i det aktuelle kyrkjeutvalet. Kontaktinformasjon finn ein også via kyrkja si heimeside. (<https://masfjorden.kyrkja.no/Kyrkja-i-Masfjorden/Styringsorgan/Råd-og-utval/Sokneråd-og-fellesråd>)

Men så kan det skje at du vert spurd om å gjere ein meir langvarig innsats for kyrkja. I løpet av etter vinteren/våren 2023 skal det setjast opp ei valliste for val på nytt sokneråd, som vert halde samstundes med valet til nytt kommunestyre.

Då vallista til det noverande soknerådet vart laga, vart det lagt stor vekt på å imøtekomme ynskjet om at alle kyrkjekrinsane skulle vere nokolunde likt representert i soknerådet. Difor vart det sett opp ei liste med ei jamn fordeling av kandidatar frå dei ulike kyrkjekrinsane. Men sidan det er høve for veljarane til å gjere endringar på lista, kan det endelege valresultatet avvike frå valnemnda sitt framlegg.

Soknerådet består av ti valde medlemer, dei ti på vallista som har fått flest stemmer når valet er halde. I tillegg er soknepresten fast medlem av soknerådet. Og når soknerådet fungerer som fellesråd, vert også ein kommunal representant med.

Dei ulike kyrkjeutvala består av eitt medlem av soknerådet – vedkomande bur i kyrkjekrinsen – samt fire medlemer frå kyrkjekrinsen som stod på vallista, men som ikkje kom inn i soknerådet. Arbeidsfordelinga mellom sokneråd/fellesråd og kyrkjeutvala skulle bidra til færre arbeidsoppgåver på medlemene, og dette ser ut til å ha fungert godt. Ei spissing av oppgåvene har medført at det vert mindre på kvart einskilt medlem.



I skrivande stund har ikkje soknerådet gått i gang med å førebu neste val. Men når dette vert lese, er det ikkje lenge att før arbeidet med å lage ny valliste skal starte. Det vil føre med seg at ein del av dykk vil få ein forespurnad om å stille på den nye vallista.

Då er det viktig å unngå at Janteloven får ta innersvingen på dei som vert spurde, og få dykk til å seie nei av di de trur de ikkje er flinke nok, eller religiøse nok, eller kva andre motforestillingar de måtte ha. Det er også viktig å hugse at det er alt lagt ned ein god del arbeid i å få til rutinar som gjer at det skal vere mogleg for mange å stå i eit slikt verv over tid.

Å verte spurd om å stille til val er ei tillitserklæring. Å få høve til å gjere ein innsats for kyrkja er eit viktig bidrag for eit godt og levande lokalmiljø. Velkomen til innsats!

Tekst og foto: Rune Garmann

MIN SALME

Salmar er svært viktige for meg. Salmeboka mi er godt brukt, og den er i fanget mitt så godt som kvar dag. Salmane gjev ord til tru og tvil, til glede og takk, til livet og i sorga. Eg er takksam for at det har vore, og framleis er salmediktarar som har forma ord eg kan bruka som hjelp og glede i kvardag og fest i mitt liv.

Det må bli ein julesalme eg deler i dette julenummeret. Og det må bli ein julesalme der englar og gjetarar er med. Heilt frå eg var lita jente har englane på Betlehemsmarka fascinert meg, og sauer var ein del av kvardagen. «Mi» Betlehemsmark var rett bortom løa vår. Det var der det skjedde «i dei dagane» slik midt på 50-talet. Bålet var ved det gamle epletreet, og englane kom over Bøkevollfjellet på andre sida av fjorden, og over til oss. Engleflokken lyste opp heile himmelen og song så strålande om den store gleda og om fred på jord. Der rett bak mi barndoms løe. Framleis er eg der når eg høyrer juleevangeliet om englane og hyrdingane.

Julesalmen som eg deler må bli Bjørn Eidsvåg sin salme «I en natt så mørk og kald» (nr 69). Eidsvåg har fem salmar i salmeboka og julesalmen hans er frå 1992. Orda salmediktaren brukar her, er sett inn i ei ramme vi kjenner oss att i. Det er mørkt og kaldt, det er varme og bål og gjetarar. Og det er orda: Vær ikkje redde – Gud har kome til jorda – gå og sjå!

Det tredje verset er det som er tilbake når englane er borte – når livet finn att si kvardagsform! Barnet som englane inviterte gjetarane inn til, er han som vi framleis over 2000 år etter møter. Ikkje først og fremst gjennom glitter og stas, men i det som det 3. verset seier slik: «I det stille, til de små, bringer Jesus *håp og fred*, Og han kommer da som nå fra sin himmel til oss ned».

Ein enkel og vakker salme som let meg smaka på julenatta si store hending. Ein salme som fortel at Jesus kom, og ein salme som seier meg at Jesus er her mellom oss framleis.

God jul!

Tekst: Kari Skår Sørheim



I en natt

I en natt så klar og kald,
av en ung og tapper mor,
i en krybbe i en stall
fødtet håpet til vår jord.
Så umerkelig, så stille,
byens gater helt forlatt.
Ingen opptog for den lille,
lyset kom en vinternatt.

Gjeterne satt rundt sin grue,
skremtes opp av lys og lyd.
Himlen sto i veldig lue,
engler sang om fred med fryd:
Ikke frykt, vær ikke redde,
Gud er kommet til vår jord.
Nå i natt var det det skjedde.
Gå til barnet og hans mor.

I det stille, til de små,
bringer Jesus håp og fred.
Og han kommer, da som nå,
fra sin himmel til oss ned.
Julenatt med lys og glede,
minner oss om Gud som kom.
Evig er han her til stede,
Nå står grav og krybbe tom.

Bjørn Eidsvåg



Skulegudsteneste Sandnes kyrkje, arkiv

JULEGUDSTENESTER MED SKULANE

Fjorårets planlagde skulegudstenester måtte korona-avlysast i siste liten. I år vert det igjen mogleg for elevane å delta på skulegudstenester.

Planlegginga av årets skulegudstenester er godt i gang. Nokre elevar vil bidra med mellom anna song og musikk, lystenning og lesing av juleevangeliet.

Frå kyrkja deltek trusopplærar Tina Meland Corneliussen, organist Boris Kuprijanov og sokneprest Torbjørn Sæle.

Her er tidspunkta for årets skulegudstenester:

Julegudsteneste for Sandnes skule
i Sandnes kyrkje fredag 16. desember kl. 9.

Julegudsteneste for Nordbygda skule
i Frøyset kyrkje tysdag 20. desember kl. 9

Julegudsteneste for Matre skule
på Matre skule tysdag 20. desember kl. 12



Tekst: Torbjørn Sæle, sokneprest

Foto: Bo Mathisen

BISKOP HALVOR TAKKAR AV

Etter over 13 år som biskop i Bjørgvin, takkar Halvor Nordhaug av. På avskjedsturneen i Nordhordland møtte han kyrkjeleg tilsette i Fjon fjellkyrkje og rådsmedlemmer og andre frivillige i Knarvik kyrkje.

Tilsette i kyrkjestabane i heile Nordhordland var 25. oktober samla i fjellkyrkja. I si avskjedshelsing var Halvor Nordhaug oppteken av følgjande tre punkt:

- Ta vare på ungdomen
- Ta vare på kyrkjelyden
- Ta vare på trua

I Knarvik kyrkje same kvelden var soknerådsmedlemmer og frivillige spesielt inviterte til ei open samling der biskopen held nattverdsgudsteneste, føredrag og vart takka av prostiet. Som avskjedsgåve ønska biskopen ei gåve til bispedømet si lutherske venskapskyrkje på Cuba. Arbeidet på Cuba vart presentert på begge samlingane.

20. november var det avskilsgudsteneste i domkyrkja i Bergen, og domprost Gudmund Waaler er no fungerande biskop fram til ny biskop er på plass.

I prosessen med å finna ny biskop i bispedømet vårt står det no mellom fem kandidatar, som over nyttår vert redusert til tre. Ny biskop skal etter planen tilsetjast av Kyrkjerådet i møte 9.-10. februar 2023. Du kan følgja utviklinga på www.kyrkja.no/bjorgvin



Biskop Halvor i Knarvik kyrkje

GRANNEHEIMEN VERT UTBETRA



Granneheimen, eit av dei to forsamlingshusa på Kvingo, vert no utbetra.

Huset vart bygd i 1927, gitt til heimbygda av Martin Kvinge, som takk til foreldra Størk og Brita for ein fin oppvekst på Kvingo.

I 2020 arva Granneheimen kroner 1 500 000 etter Anna Kvinge, som var fødd på Kvingo i 1928.

Anna budde i Bergen det meste av sitt vaksne liv. Ho reiste ofte til barndomsheimen sin på Kvingo. Anna støtta arbeidet vårt, og deltok så sant ho kunne på den årlege basaren til inntekt for drift av Granneheimen, og på den tradisjonsrike juletreffesten.

Det har lenge vore behov for eit større vedlikehald av bygningen.

Granneheimen på Kvingo, foto: Asbjørn Gjelsvik

Då me i styret vart gjort kjende med testamentet etter Anna, kunne me starta planleggingsarbeidet. Så kom koronapandemien, og det tok litt tid før alt vart starta opp. No er Hindenes Byggmesterforretning AS i full gang med arbeidet, der Asbjørn Gjelsvik er dagleg ansvarleg på byggeplassen.

Til no er alle vindu skifta, isolasjon og ny kledning på heile huset er under arbeid.

Målet er at me òg skal få utbetra toaletta med tilgang for rullestolbrukarar. Elles ynskjer me å gjera ein del justeringar med tanke på ei meir universell utforming. Kva me har pengar til å få gjort vil me sjå etter kvart. Når tømrararbeidet er avslutta vil styret kalla inn til dugnad for å få vaska ned huset.


Styret i Granneheimen
v/Gro Marit Kvinge Tande, leiar

bleikgule novemberlauv
lyser frå vegkanten
klorer seg fast til
kvisten

ved neste vindråse
må det nok sleppe
taket
falle mot jorda

sopp i arbeid
grunnlag for
ein ny vår

Tekst og foto:
Dina Dyrhovden




MARIAHELG PÅ ALVÆRA MISJONSSENTER, LAVIK 2023

Innimellom treng vi å få litt avstand til alle gjeremål i kvardagen. Helga 3.-5.mars 2023 arrangerer NMS Mariahelg for damer i alle aldrar på Alværa misjonssenter. Målet med Mariahelg er å senke skuldrane, finne kvile og mat for sjela. Her blir det både felles måltid, hyggeleg sosialt fellesskap med andre, og høve til å nyte den fine naturen ved sjøen.

Tema for helga er ikkje avklart enda, meir informasjon om det kjem når programmet er klart. Uansett – sett av helga no; 3.-5.mars

Spørsmål om helga/program -ta kontak med
Hanne Bildøy
tlf 996 10 528, epost hanne@bildoys.no



BORIS TILBAKE I MASFJORDEN

Boris Kuprijanov er no fast vikarorganist i kyrkja i Masfjorden.

Kvar lenge har du spelt orgel, og kor lenge har du jobba som organist?

- Eg har spelt og jobba som organist i 30 år. Då vi kom til Noreg, saman med mi eks-kone, byrja ho i Masfjorden som organist, og eg byrja i Osterfjorden. Eg var utdanna blåsemusikar, og byrja å spela i symfoniorkester på trombone. Eg har ganske brei musikkutdanning, har dirigert symfoniorkester, samstundes som eg også har pedagogisk utdanning og undervist i musikk.

- Då eg fyrst kom til Norge hadde eg ikkje utdanning innanfor kyrkjemusikk, men då eg byrja å jobbe som organist, så starta eg også på utdanning og gjekk på seminar. På seminaret blei eg også godt kjent med fleire organistar.

Kva var det som gjorde at du ville byrja å spela orgel?

- Før eg byrja som organist, hadde eg ikkje spelt orgel, for i mi musikkutdanning hadde eg piano som mitt biinstrument. Så eg byrja å spela orgel fyrst då eg blei spurt om å ta jobben i Osterfjorden.

Spelar du nokre fleire instrument?

- Eg speler piano og trombone. Eg speler også i gospel- og jazzband, og då speler eg både piano, keyboard og trombone.

Kan du forklara skilnaden på piano og orgel?

- Det er stor skilnad på piano og orgel, det er to heilt ulike instrument. Den lettaste skilnaden ein kan sjå, er korleis me spelar på det. På piano så spelar ein berre med hendene, medan på orgel spelar ein med hendene og føtene. Pluss at det er to heilt ulike måtar å trykkja på tangentane.

- Det er som sagt to ulike instrument, og dei begge er unike på sine måtar, og gjev ulike lydbilete. Begge instrumenta er kjekke å spela på!

Har du nokon favorittsong/salme du gjerne spelar?

- Det er eit vanskeleg spørsmål, fordi dei norske salmane blir brukt ulikt. Det er mange ulike salmar, og dei blir brukt til ulike anledningar. Eg har mange favorittar, men det er vanskeleg å velja.

Kva er det du liker og ikkje liker så godt med å spela orgel?

- Det eg liker at folk kjem til meg etter gudstenesta og takker for at det var flott spelt. Det rører hjarta til menneska å høyre slikt. Det er godt å høyre at ein har spelt bra.

-Det eg ikkje liker så godt er å spela på ustemte instrument, eller å ikkje vera førebudd. Eg prøver å unngå det siste, og prøver alltid å vera godt førebudd.



Kvar bur du? Og kva er sivilstatusen din?

- Eg bur på Ostereidet saman med mi kone Else Iren Westervik, ho har sundagsskulen i Osterfjorden, og ho er også songar. Ho syng også i gospel- og jazzband, og mykje i kyrkja. Vi har ofte konserter saman, så me har ein musikalsk heim.

Kva tenkjer du om Masfjorden og det å jobbe i Masfjorden sokn?

- Det blir ein slags sirkel, for eg byrja i Masfjorden. Då eg kom til Noreg budde eg 5 år her i Masfjorden, medan eg jobba som organist i Osterfjorden. Eg spelte ein del då i Masfjorden, og eg jobba på kulturskulen, så eg kjenner ein del gode folk i Masfjorden. For å seia det enkelt, eg gleder meg til å koma tilbake hit.

- Eg har jobba 30 år i Osterfjorden, og har gode kontaktar der, difor er det litt trist å skulle slutte også. Samstundes så er det alltid kjekt å komme dit ein kjenner folk, og at folk kjenner deg. For i mitt, og som i presten sitt yrke, der me jobbar med folk, så er det veldig viktig å ha god kontakt med folk.

Kva liker du å gjera på fritida di?

- Eg likar å arrangere musikk, og held mykje på med musikk. Eg likar også å gå turar, og likar veldig godt dyr og fuglar. Spesielt no på vinteren, når det er lite mat for dei å finne, så set eg fram mat til fuglane.

Tekst: Tina Meland Corneliussen

Foto: Torbjørn Sæle

JULEVANDRING I BARNEHAGANE



I år, som i fjor så blir det julevandring i barnehagane. Her kjem trusopplærar Tina Meland Corneliussen, og sokneprest Torbjørn Sæle ein tur innom barnehagane. Me vil vise fram nokre bilete som fortel historia om jula, og det blir song. Sandnes barnehage får besøk torsdag 1.des, Nordbygda barnehage tysdag 6.des og Indre Masfjorden barnehage onsdag 7.desember. Me gler oss til å kome på besøk.

Tekst: Tina Meland Corneliussen

Foto: Bo Mathisen

FLOTT MULTIMEDIA-FRAMSYNING I SOLHEIM KYRKJE



Onsdag 22.november om kvelden var kyrkja i Masfjorden så heldige å få lov til å invitera til ei heilt spesiell oppleving i Solheim kyrkje.

Då vitja forteljar, fiolinist og fotograf Christian Stejskal oss med multimedia- framsyninga «Markus-evangeliet». Ei framsyning der han resiterte heile evangeliet etter Markus, krydra med bilete han sjølv har fotografert i Midt-Austen. Bileta var med på å understreka teksten og sette ein del av det inn i «vår tid». Innimellom spela han eigenkomponert musikk på fiolinen sin. Og han trollbatt publikum med både fantastisk forteljarevne, og musikken sin.

Fleire har nok lese Markus-evangeliet, men å pugge det utanåt...nei, det har vel ikkje så mange gjort. Fleire i publikum påpeikte at dette var imponerende. Ikkje nok med at han kunne alt utanåt, men han formidla det så levande at det nesten var som å vere der på Jesu tid. I publikumsresponsen etterpå blei det brukt ord som *veldig fint, mektig, stort, og vel verd turen*.

Då eg spurde Christian kva som fekk han til å laga denne framsyninga svara han at etter han hadde reist rundt med multimedia-framsyninga «Mitt nabolag» i 2016, leita han etter noko nytt han ville jobbe med. Då kom han borti Svein Tindberg si framsyning ifrå

1995, og fekk lyst til å gjere sin eigen versjon. Han starta øvinga i 2018. Etter kvart kom koronapandemien, og det vart mykje inne- og åleinetid. Dette hjelpa jo godt på pugginga, og han har brukt 3,5 år på å lære alt. Når eg spør kva Markusevangeliet betyr for han personleg, svarar han at *det er jo Guds ord, så det betyr alt*. Og han legg til at han legg ikkje mest merke til det Jesus seier, men det Jesus *gjer* i desse forteljingane. Og når *Jesus talar er det ei profetisk kraft i orda*, avsluttar Christian.

Takk til Christian Stejskal som tok turen til Masfjorden og takk



til Rune Garman som tok initiativ til denne kvelden og arbeidet han har lagt ned for å få det til. Rune opna arrangementet med å seia at *eit arrangement ikkje blir meir vellukka enn det ein tek med seg i hjarta heim*. Så i følgje mitt hjarta var dette svært vellykka. Og det forstod eg at det var fleire som kjende på. Takk for ei fin stund!

Tekst og foto: Eli Eidsnes

BIBELSAMLING FOR 10-ÅRINGANE

Tidlegare i haust fekk alle 10-åringane invitasjon til å få utdelt ei gåve frå kyrkja. Gåva er ein bibel, «Guds barn», og er skriven av Desmond Tutu. Samstundes vart dei også invitert til ei bibelsamling. Her skulle dei få bli enda meir kjent med både Bibelen, boka dei hadde fått, og korleis ein kan slå opp i Bibelen.

Det fyrste me såg på var at den Bibelen dei hadde fått er litt ulik den vanlege Bibelen ein gjerne tenkjer på. For boka deira hadde mange ulike bilete og illustrasjonar. Samstundes som den ordinære Bibelen inneheldt alle forteljingar, kapittel og bibelvers, så var det berre utvalde forteljingar her. Men me såg at for kvar forteljing som var, var det skriven eit namn og nokre tal på bileta. Det viste kva bok, kapittel og vers teksten var henta ifrå. For Bibelen inneheldt nemleg så mykje som 66 bøker. Demed var det tid for å øva seg på å finna fram i Bibelen.

Under bibelsamlinga hadde me også nokre leikar og aktivitetar. Ein av aktivitetane var å finna kors som hadde gøymt seg vekk i kyrkja. For å finna dei måtte me løysa nokre gåter, og det klarte dei med glans. Når dei fann kors, så fann dei også bilete av ulike gjenstandar som til saman blei til ein song. Songen var «Kven har skapt alle blomane», og me song den før det var tid for formingsaktivitetar.

På bibelsamlinga lærte me altså litt om og frå Bibelen, og så prata me om det me hadde høyrte om på gudstenesta; at Bibelen er ei av dei mest leste bøkene, og oversett til mange ulike språk. Me fekk og vita at Bibelen inneheldt bønner.


Tekst : Tina Meland Corneliussen

JUL PÅ BIBLIOTEKET

Det nærmar seg jul, og det er mykje spanande som skjer på biblioteka framover. På både Nordbygda, Sandnes og Matre vert det konkurransar og aktivitetar i heile desember. Dei minste kan gå på jakt etter «Grinchen» som gøymmer seg blant bokhyllene, spele biblioteksbingo, fargelegge julebilete, lage julelenker og spele spel. Her får alle premie. I tillegg har me ein stor **Julekonkurranse** der alle som lånar tre ting frå biblioteket i desember er med i trekninga av flotte premiar til born og vaksne.

Pris og påmelding: Arrangementet er gratis, og passar for born frå 6-9 år. Me har plass til 8 born på kurset. For påmelding og meir informasjon, send ei melding til nr 930 19 948.

Tid og stad: Nordbygda, laurdag 10.12 kl. 12-15.



Målekurs

I desember inviterer biblioteket til målekurs for barn frå 6-9 år, saman med den lokale kunstnaren Anne Marit Palmer. Ho lagar flotte, fargerike bilete, og lærer barna korleis dei sjølve kan nytte fargar og teknikkar for å skapa sine egne verk. Me har også ei lita lesestund som inspirasjon, og kosar oss med peparkaker, mandarinar og god drikke. Alle deltakarar får ta med seg sitt eige kunstverk heim. Kanskje

det blir ei perfekt julegåve? Foreldre er også velkomne til å slappe av med ein kaffikopp, eller hjelpe til å måle.



Opningstider desember

Nordbygda: Tysdagar kl.13-19. Siste opningsdag før jul er tysdag 20.12

Sandnes: Måndagar kl. 13-19. Siste opningsdag før jul er måndag 19.12 (stenger 17.45)

Matre: Torsdagar kl. 12.30-18.30. Siste opningsdag før jul er torsdag 22.12

ROSA SLØYFE-LØPET 2022

Rosa sløyfeaksjonen blei arrangert av Masfjorden kommune laurdag 5. november på Sleire grendahus.

Løypa var omlag 3 km lang og gjekk innover Markhusdalen på Sleire.

Nærare 60 personar møtte opp, -både påmeldte turgåarar og medhjelparar.

Veret denne dagen var heilt normalt; overskya og delvis regn.

Helselagsleiar Liv Dyregrov drog det heile i gong og ønskte alle god tur.

Ordførar Karstein Totland snakka til forsamlinga etter at alle var komne tilbake. Han påpeika kor viktig det er å vere med og støtte eit slik tiltak.

Trioen Jo Ronald Mjanger, Andreas Fitje Sleire og kulturskulelærar Jon Martin Skauge underheldt. Dei hadde eit repetoar som gledde alle som høyrde på. Kommentaranne mellom dei tre sat laust, noko som førte til mykje latter hjå publikum.



Ein ivrig gjeng grunnskuleelevar opptredde med årets Blime-dans, noko som fekk kvar og ein til å kjenne det i dansefoten.

Nordbygda helselag og andre frivillige stilte med herlege heimelaga bollar og kaker med rosa pynt. Sleire grendahus gav oss gratis husleige.

Tusen takk for at du deltok i Rosa sløyfe-løpet! Utan akkurat deg og ditt engasjement hadde ikkje dette vore mogleg.


Saman har me klart å samla inn pengar til den viktige saka, auka fokuset rundt brystkreft og vist solidaritet med den som er ramma.

Me er stolte over å kunne overrekkje heile 24 050 kr til Rosa sløyfe-aksjonen og kreftforeninga.

Tidleg oppdaging reddar liv – hugs å sjekke deg!

Tekst: Masfjorden kommune

Foto: Solveig Haveland og Kamilla B. Haukeland



“FJON FRÅ FJELL TIL FJORD” 2022 ER I HANDELEN

Årets hefte er med sine 128 sider eitt av dei mest innhaldsrike hefta til no i denne serien. Og innhaldsmessig er det stor spennvidde i det.

Vi vert presentert for Alf Helland sin bragd: å rekonstruere eit våpen som vart laga i Austerrike på slutten av 1700-talet. Dette er den einaste luftdrivne rifla som har vore nytta til militært bruk. I heftet kan ein sjå bilete av verdas einaste fungerande rifle bygd på dette prinsippet. Og ho finnest altså i Masfjorden!

Men også andre flinke folk er nemnde. Ein kan lese om oppstarten av arbeidet med å få kabelferja på plass. Dette starta som eit lokalt initiativ. Ein kan også lese om elevar ved sykursa som vart skipa i Masfjorden i mellomkrigstida, og om arbeid med tre, både i form av møblar og vindaug, og i form av feler.

Det siste er også ein overgang til ein større bolc i heftet, der musikkutøvarar frå Masfjorden har fått særskilt fokus. Ulike sjangrar er presenterte, frå pop og rock via korpsmusikk til meir tradisjonell folkeleg musikk, på trekkspel og hardingfele.

Tradisjonen tru inneheld heftet fleire artiklar om liv og lagnad i bygdene våre i farne tider. Men ein artikkel skal nemnast særskilt: I artikkelen om «russarleiren» på Matre får vi eit innblikk i bakgrunnen for at leiren vart oppretta, og korleis fangane hadde det. Vi får også vite litt om kva folk som budde i området gjorde for å gi fangane litt hjelp, i den grad dette var mogleg.

Når ein snakkar om Masfjorden og krigen, er det gjerne historia knytt til Bjørn West som får fokus. Men historia om «russarleiren» og den humanitære innsatsen dei fastbuande gjorde for fangane fortener så absolutt vår merksemd, og det er difor godt at historia om dette vert gjort kjend på denne måten.

Tekst og illustrasjon: Rune Garmann



BEREDSKAP

Direktoratet for sikkerhet og beredskap (DSB) lanserte Eigenberedskapsveka 2022 i perioden 31.oktober- 6. november. Målet er å ha godt førebudde innbyggjarar ved ei eventuell krise i Norge.

I samband med denne veka vart det produsert brosjyrer, som Masfjorden kommune med dette sender ut til alle husstandar. Alle vert med dette oppmoda om å lese denne, med mål å styrke eigenberedskapen i heimane i Masfjorden.

Telst: Sveinung Toft, ass.rådmann





EI REISE “ALL ACROSS THE UNIVERSE”

Reisa starta i gymsalen på Nordbygda skule, og var ei reise inn i det store og mangslungne universet som songane til The Beatles utgjør. Med på reisa var elevane på ungdomstrinnet, og som reiseleiarar hadde dei ei lita instrumentalgruppe, der to av lærarane hadde viktige roller.

Denne framsyninga er basert på ein filmmusical frå 2007 med same namn. I filmen får publikum servert 34 beatlessongar som er vevd inn i ei forteljing, skriven av regissøren Julie Taymor i samarbeid med forfattarane Dick Clement og Ian La Frenais.

Framsyninga på Nordbygda skule var ei noko forenkla utgåve av filmen, med færre songar og ein litt enklare versjon av den samanbindande forteljinga.

For ein gamal gubbe som vaks opp i ei tid der kvar ny låt frå The Beatles var som ei storhending å rekne, vart framsyninga eit triveleg attendeblick til ei tid som var.

Men ho var også syrgjeleg aktuell. Då Beatles herja hitlistene, var det krigen i Vietnam som var det store, tragiske temaet. I dag er slagmarkene andre stader i verda, men problemstillingane er dei same. Dessverre.

Det er godt for ein gamal lærar å sjå elevar utfalde seg på ei scene, og saman skape noko som er til glede både for dei sjølve og for oss som er så heldige å sjå og høyre resultatet av innsatsen deira. Som venteleg er, vil prestasjonane vere ulike. Det er som det skal vere – vi er alle ulikt flinke på ulike område, og vi får seie som reklamen til ein større daglegvarekjede her til lands: Det er sluttsummen som tel.

Sluttsummen var meir enn godkjent. Men noko som ofte skjer når ein skule lagar ei framsyning, er at ein elev eller fleire stig fram og leverer innslag som på eitt eller anna vis utmerkar seg positivt. Denne framsyninga var ikkje noko unntak. Det er kjekt å sjå at det stadig dukkar opp nye talent i rekkjene våre. Ein varm takk til alle involverte, og gratulerer med vel gjennomført tur «All across the universe».



Tekst og foto: Rune Garmann

HUSKONSERTANE PÅ SKULANE

November er tid for kulturskulen sine tradisjonelle huskonsertar på skulane. På desse konsertane får elevane vist litt av det dei har lært den siste tida. Før konsertane har elevane lydprøvar slik at alle får gå gjennom programmet sitt og stadfesta at alle detaljar sit. For nokre er dette deira første opptreden for publikum. Andre elevar er rutinerte utøvarar med lang fartstid, og dei viser tydeleg at åra i kulturskulen har gitt stor og god utvikling med framføringar av høg kvalitet.



Takk til alle dei dyktige og modige elevane som sto for programmet. Takk til entusiastiske og lyttande publikum. Og takk til skulane som gir rom for slike stunder.

Framover mot jul vil du kanskje møte elevane igjen på julekonsertar, julebord, lystenningar, julemesser, fakkeltog og andre førjulsarrangement. Ta dei godt imot.

Tekst og foto: Kulturskulen





BORSCH OG KRUCHENYKI

-Borsch er ein svært vanleg ukrainsk rett, seier Inna og Tatiana, dei to ukrainske kvinnene som stod for serveringa på Sandneskaféen fyrste torsdagen i november. Saman med kafévert Berit hadde dei laga eit utval ukrainsk mat som kafégjestene fekk til middag denne dagen. Tatiana har jobba litt i kaféen i haust som eit ledd i norskopplæringa. Då har det vore raspeballar og annan typisk norsk mat på menyen. No skulle me få smaka matrettar som dei to damene var vane med å servera i heimlandet. Både Tatiana og Inna har budd på Sandnes sidan i sommar.

Borsch er raubetsuppe med kjøt, grønnsaker og rømme og blir servert med småbollar til. Underteikna var redd for at suppa skulle vera sterk på smak, men den frykta viste seg å vera ugrunna. Ho var rett og slett velsmakande. Saman med suppa fekk me fyllt svinerulade og noko som heiter dumplings, som er tynne kveitelefse med potet inni. Og til dessert sette dei fram eit bakverk som minna mykje om «fattigmann». Til dette måltidet vart det servert vatn og søt te. Ikkje til å undrast på at me var skikkeleg mette då alt dette var fortært. Ettermiddagsdøsen låg tungt over lokalet etter kvart som folk var ferdige med måltidet. Og damene frå Ukraina hadde det travelt med å klargjera borda til fleire gjester.

Enno er ikkje ukrainarane så veldig bevandra uti norsk språk, men dei snakkar aldri så lite engelsk, så på ei blanding av engelsk og norsk får begge partar gjort seg forstått. «Takk for maten» og «veldig godt», vart sagt meir enn ein gong. Gjestene visste meir om ukrainsk mat då dei gjekk heim, og var blitt litt meir kjend med to av naboane frå Ukraina, så pass at me i alle fall kan seia hei til kvarandre neste gong me møtest.

Tekst og foto: Alf Strand



NYE MASFJORDEN FRIVILLIGSENTRAL

I STØYPESKEIA



Sidan februar 2021, då kommunestyret valde å sette ned ei arbeidsgruppe for å jobbe fram ny organisering, innhald og struktur for ein breiare og kommunal frivilligsentral, har denne gruppa jobba jamt og trutt fram eit forslag ut frå det mandatet dei fekk. Medlem i gruppa var også, Helga Ekehaug, som avslutta sitt engasjement i juni i år, og Oddvin Neset kom inn i gruppa på hausten i fjor. I innleiande fase, var også Aril Andvik med.

Gruppa har sett på kva andre kommunar og frivilligsentralar har gjort, har hatt arbeidsmøte med frivillige lag og organisasjonar, ope folkemøte, og dialogmøte med rådmannen sin stab. Alt i alt, håper gruppa at det er godt lagt tilrette for den vidare nyetableringa av ein kommunal frivilligsentral.

Masfjorden Frivilligsentral var ein av dei første sentralane som vart etablert i Norge, og vart stifta 1. september 1991, med sokna i Masfjorden som eigar. Sentralen har hatt ein 20% ressurs for dagleg leiar, som i tidlegare periodar i hovudsak var retta inn mot diakoni og barn- og ungdomsarbeid i kyrkjeleg regi. Ressursen var derfor for liten, og ei ny organisering måtte også til for å drive koordinering av eit meir breiare nedslagsfelt innan det frivillige arbeidet i kommunen. Den nye frivilligsentralen skal no jobbe opp mot både helse og omsorgssektoren, så vel som å samarbeide med kultursektoren. Det vil seie at både frivillige lag og organisasjonar, samt frittstående frivillige, vil vere viktige samarbeidsaktørar for den nye sentralen. I den samanheng er det viktig å påpeike at sentralen ikkje skal ta over oppgåver frå andre sektorar, men vere ein koordinerande og tilretteleggjande ressurs.

Arbeidsgruppa har jobba fram eit forslag til nye vedtekter, innhaldsbasis for aktivitetar som ny dagleg leiar vil kunne gjere seg nytte av, samt gode råd med på vegen for ein aktiv og funksjonell frivilligsentral. Gjennomgangen viste tidleg og heilt klart, at ei stilling på 100% var det behov for i sentralen, noko som vart signalisert tilbake til kommunestyret i des. 2021 i samband med budsjetthandlinga. Gruppa har også sett på lokalitetar, men dette er opp til rådmannen å ta vidare. Arbeidsgruppa har eit ynskje om at me også skal få etablert ein utlånssentral eller BUA for fritidsutstyr. Dette for at særskilt barnefamiljar, men òg andre, skal kunne ha høve til å drive uorganiserte fritidssysler utan å måtte gjere dyre innkjøp av utstyr. Dette vil ein koma attende til etter at Frivilligsentralen er kome i drift.

Til slutt vil me takke Liv Dyregrov og Rune Garmann som har vore frivillige inn i arbeidsgruppa, samt Oddvin Neset, som har vore rådmannen sin representant, og tidlegare dagleg leiar i frivilligsentral Helga Ekehaug (ikkje på bilete), for den innsatsen dei har lagt ned i gode diskusjonar og framlegg i saka. Leiar for arbeidsgruppa har vore Torill Torsvik Størkersen. Me vil også ynskje dagleg leiar, når den er på plass, masse lykke til med etableringa av ny Masfjorden frivilligsentral!



Foto: Sigrun Haugsdal Reknes
Tekst: Torill Torsvik Størkersen

VEGEN VED VÅGSET OPNA IGJEN



Vegen ved Vågset vart opna igjen torsdag 17. november. Eit stort ras stengde vegen natt til 11. november. Kommunen engasjerte entreprenør A. Birkeland til å fjerna steinmassane og deretter reparera vegen. Denne jobben tok fire dagar.

Tekst og foto: Masfjorden kommune



REHABILITERING AV FASADAR MED MEIR PÅ MATRE SKULE ER SNART FERDIG



Matre skule er no oppgradert med nye utvendige fasadar, og det er gjort etterisolering med ny kledning, samt vindusutskifting. Arbeidet vart starta opp rundt 1. juni og er venteleg ferdig rundt 15. desember. Det som no står igjen er levering av plater og dører.

Arbeidet har vore omfattande med utlekting/lufting av fasadar og etterisolering med 10 cm. Isolasjon og kledning med nye Steni fasadeplater. Kaldloftet på den eine fløyen med innblåst mineralull er og utført.



Vidare har ein fått skifta eldre vindauge til nye heiltre vindauge med utvendig aluminiumskledning. Det er føretaket Reknes Byggevarer LL som fekk kontrakten etter anbodskonkurranse, og som har gjennomført rehabiliteringa av skulen.

Det er og gjort mindre elektroarbeider i samband med omlegging av utvendig kabling og lampepunkter på veggjar, samt noko ventilasjonsarbeid. Kostnadsramma vart sett til kroner 3.200.000,-

Tekst: Sveinung Toft, ass. rådmann
Foto: Roald Kvingedal



25-ÅRSMARKERING FOR TILSETTE I KOMMUNEN



Tysdag 8. november var det markering av tilsette med 25 års tenestetid i Masfjorden kommune. Festen vart halden på Stordalen fjellstove. Dette er ein tradisjon som går tilbake til 2002. Over 120 tilsette har fått ei slik markering i løpet av desse åra.

Jubilantar med følgje vart inviterte til ei festsamkome med formannskap, hovudtillitsvalde og representantar frå administrasjonen. Ordførar sa ord om jubilarane og overrekte gåvekort. Hovudtillitsvalde delte ut blomar til alle jubilarane. 19 tilsette var invitert til markeringa, 14 av desse var med på markeringa.

Tekst og foto: Erik Klausen, personalsjef



Bak frå venstre: Randi Haugsdal, Gunn Hindenes Andås, Bjørg Kvingedal, Valborg Ringøy, Britt Inger Myhr, ordførar Karstein Totland, Marit Steinestø, Andreas Berg, Svein Helge Hofslundsengen

Framme frå venstre: Marit Trodal Andvik, Gunn Haugsdal Asheim, Sigvald Kvinge, Solfrid Molland, Ottar Myrtveit, Åse Elin Solheim

ETTERLYSING

Under krigen laget
Helga Areklett
(gift Talhaug) flere
tegninger som ble spredt
rundt omkring.

Noen tegninger var i
brevkortstørrelse med
dette eller lignende
motiv.

Dersom noen har
lignende eller andre
tegninger av Helga,
er jeg interessert i å bli
orientert.



Send noen ord til ingmarareklett@hotmail.com eller via SMS/telefon 95170241.

Ingmar Areklett, født i Masfjorden, bor nå på Karmøy

Velkommen til julekonsert

Sandnes kyrkje	laurdag 10.12 kl. 17
Frøyset kyrkje	søndag 11.12 kl. 15
Solheim kyrkje	søndag 11.12 kl. 18
Masfjorden sjukeheim	tysdag 13.12 kl. 17

Fri entré

Kollekt til Kirkens nødhjelp

Arr. Song- og musikk-krefter i Masfjorden

JULEJAZZKAFÉ



Martin Halla - vokal

Henning Hodne Mjanger - gitar / pedalsteel / koring

Edvard Mjanger - kontrabass / koring

Martin, Henning og Edvard inviterer til
stemningsfull julejazzkafé med gløgg, pepperkaker og julemusikk



Martin Halla (t.v.) er kjend frå mellom anna Stjernekamp (NRK) og som vinnar av The Voice (TV2).

Trioen presenterer skattar frå julemusikktradisjonen i kjente og nye drakter.
Det vert både allsang å synge jula inn til, vakre gitarmelodiar som tar deg tilbake til
barndommens jul, eller du kan lukke augene og nyte Martin si fløyelsmjuke stemme
og improviserte tonar som tek deg med på heilt nye reiser.



Dei fleste har sterke minner knytta til både julefeiring og førjulstid, og musikken er
snarvegen til desse minna. Akkompagnert av lukta av gløgg og smaken av julebakst
ønsker dei å gje alle ei god stund, der ein kan senke
skuldrene og nyte vakker julejazz saman.

Masfjorden sjukeheim torsdag 15. desember kl 16

Sandneskaféen torsdag 15. desember kl 19

Arr.: Masfjorden kommune / DKSS

Fri entré

OG HO FEKK SON SIN (LUK 2,7)


Var ho verkeleg
heilt åleine
då fødselen melde seg?
Var der ingen nærkoner
til å hjelpe
den unge fyrstegongsfødande,
berre 15 år?
Kom det ingen
nabokoner?
Var der verkeleg
ingen til å hjelpe henne
då sonen skulle sveipast
og leggst i krybba?

Dei banka på mange dører
det var ikkje
husrom å få
men alle måtte sjå
at for henne,
kvinna på eselet,
var tida komen
Var der
heller ikkje
hjarterom?

Eg trur
dei var i stallen,
kvinner
med klutar og varmt vatn,
mjuke faste hender
som tørka sveitte
og blod
som trøysta og hjelpte,
som skilde han frå mor
og knytte han til verda,
som var dei fyrste
til å få sjå han
han som kom
med den nye tid,
som viste seg for dei
nett som 30 år seinare
då kvinnene på nytt
var dei fyrste
til å få sjå:

Ver ikkje redde

Alf Strand



FRIST FOR INNSENDING TIL MASFJORDINGEN

**Bladet skal vera klart til utsending
10 dagar etter fristen:
27. januar -23**

Notér dato i årshjulet for din organisasjon. Få med både førehandsomtale og del gjerne bilete og minneverdige stunder frå hendinga i etterkant. Slik at folk i bygdene kan få eit innblikk i det som skjer.



KONTAKTINFORMASJON TIL KYRKJA



Tlf. 56 16 62 61
E-post: post@kyrkjaimasfjorden.no

Kyrkjevevje: Eli Eidsnes
Tlf.: 56 16 62 61/906 13 515
E-post kyrkjevevja@kyrkjaimasfjorden.no

Sokneprest: Torbjørn Sæle
Tlf.: 56 16 62 63/ 951 41 685
e-post: torbjorn.saele@kyrkjaimasfjorden.no

Trusopplærer:
Tina Meland Corneliussen
Tlf.: 56 16 62 62/936 85 071
e-post: tina.meland.corneliussen@kyrkjaimasfjorden.no

Organist:
Boris Kuprijanov
Tlf. 920 60 993
E-post: kuprbor@gmail.com

Kyrkjegardsarbeidar:
Remi Kallekleiv
Tlf. 941 43 716

www.masfjorden.kyrkja.no
Vipps Masfjorden sokn: 620513

Foto bakside: Torbjørn Sæle

KONTAKTINFORMASJON TIL KOMMUNEN



Telefon: 56 16 62 00
Epost: post@masfjorden.kommune.no

Post- og besøksadresse:
Masfjorden kommune
Austfjordvegen 2724
5981 MASFJORDNES

www.masfjorden.kommune.no

ARBEIDSGRUPPA FOR MASFJORDINGEN

sveinung.toft@masfjorden.kommune.no
frank.kvinge@masfjorden.kommune.no
mary.hope@masfjorden.kommune.no
sigrun.haugsdal.reknes@masfjorden.kommune.no

eli.eidsnes@kyrkjaimasfjorden.no
tina.meland.corneliussen@kyrkjaimasfjorden.no

Formgjeving: Mary Hope